

## 5.2 Skriveoppgåver

Desse oppgåvene er valt ut for å vise litt ulike typar skriveoppgåver for mellomsteget. Når du følgjer lenkene vil du også få eit innblikk i kvar du kan finne ressursar, oppgåver og fagtekstar i ulike fag, på nynorsk.



### Brettebok

Her finn du små bøker som du kan skrive ut og brette sjølv. Forteljingane er skrivne av Erna Osland og illustrerte av Inger Lise Belsvik. Det kan vere lurt å lese bretteinstruksane før du byrjar, og å skrive ut ein instruksjon til kvar elev. Skriv ut ei eller fleire av Osland sine historier så elevane får bli kjende med formatet, brettinga og den kortfatta teksten.

#### Lag eigne brettebøker slik:

Elevane skriv ei kort historie på 7–14 setningar.  
Læraren gir nokre igangsetjarar som boka skal handle om, ut frå faget eller temaet de jobbar med.  
Ta eit blankt ark og brett etter malen. Klipp etter bretten slik som malen viser.  
Framsida skal innehalde tittel på boka, namnet på forfattaren og gjerne ei lita teikning.  
Skriv historia inn i boka, og fordel teksten slik at det er maksimalt to setningar på kvar side.  
Illustrer boka om du vil og har plass.



Du kan godt lage brettebok i fleire fag.


Til dømes kan du erstatte den skjønnlitterære teksten med fagstoff, som ei matoppskrift, faktastoff om dyr eller historiske emne.

<http://www.nynorsksenteret.no/brettebok>

### Undersøking og fagskriving

<http://www.nynorsksenteret.no/nyn/alderssteg/barnetrinn/fagskriving>

I denne filmen følger vi Erna Osland på skrivedagen med elevane på 5.–6. trinn og deretter prosessen vidare til ferdig tekst og bok. Sentralt i opplegget er at elevane gjer undersøkingar og skriv fagtekst på bakgrunn av desse.



Utdrag frå boka:

#### FLAGGERMUS

*Ei flaggermus kan sove opptil 20 timar i døgnet. Ho er vaken berre når det er mørkt. Når det er lyst, held ho seg i ro, ofte saman med andre. Heile flokkar kan henge side om side. Dei finn seg ein mørk stad, og der sov dei med hovudet ned. Dei klorar seg fast med skarpe klør. Klørne kan låsast, og derfor døtt ikkje flaggermusene ned, sjølv når dei sov.*

## Allkunne –lag ein kviss!

[www.allkunne.no](http://www.allkunne.no) er eit nynorsk digitalt oppslagsverk, med til no rundt 22 000 tekstar. Det er gratis og reklamefritt, og tekstane er kvalitetssikra. Allkunne er ei sikker kjelde til informasjon og er eit godkjend, digitalt hjelpemiddel til eksamen. Oppslagsverket vert brukt i både grunnskulen, vidaregåande skule og høgare utdanning.

### I klasserommet:

Opne [www.allkunne.no](http://www.allkunne.no) og ta kvissen for 4.-7. trinn. (Del elevane inn i grupper på tre og tre)

<http://www.allkunne.no/framside/temasider/kvissar-fra-allkunne/kviss-blanda-drops-og-fleire-kategoriar/315/9459/>

Kvar gruppe bør ha ei datamaskin eller eit nettbrett med allkunne-appen tilgjengeleg for denne oppgåva.

Elevane brukar Allkunne og lagar ein kviss med fem spørsmål ut frå eitt eller fleire emne i oppslagsverket. Læraren skriv opp på tavla kva tema som er aktuelle.

Bruk spørjeorda:

-Kva...

-Kvífor...

-Korleis...

-På kva måte...

Spørsmålsarka blir sendt vidare til neste gruppe, som brukar [www.allkunne.no](http://www.allkunne.no) for å finne svara.

